

TJEN FOLKET



Juni 1977



Innhold:

Leder: Stortingsvalet 1977..... s.2.

Til partidiskusjonen i juni..... s.5.

Mobiliser dei progressive til sommerleir!..... s.8.

1. MAI 1977: SEIER OG STAGNASJON.....s.11.

**Kampanje mot utelukkinga av RV i NRK-
sendingane..... s.15.**

**Kampuchea – nydemokrati eller prole-
tariatets diktatur?..... s.16.**

**Før en korrekt taktikk i kampen mot terroren
i fagbevegelsen?..... s.18.**

Klassekampens fremmedarbeiderutgave..... s.20.

Reis kampen mot asbest på arbeidsplassene... s.21.

Bruk innsenderspaltene i lokalavisene..... s.22.

Gå inn i idrettslaga – delta i idrettsaksjonen... s.23.



Stortingsvalet 1977

Diskusjonen om valkampen har teke til i partiet og partilaga står framfor organiseringa av RV-grupper og sjølv arbeid med valkampen. Denne artikkelen tek opp nokre range og skadelege idear som har dukka opp i diskusjonane og polemiserar mot dei. Artikkelen går og nærare innpå nokre av oppgåvene i valkampen.

«RV er ingen front – endeleg stiller partiet aleine til val»

Denne feilaktige og skadelege lina har kome fram i førebuingane av valkampen. Ho seier at RV ikkje er ein front, RV er berre valkampmaskinen til partiet og partiet skal stille aleine i valet. Desse kameratane argumenterar med at RV ikkje kan vera ein front når han vert leia av partiet og det ikkje finst ei eiga RV-leiing ved sida av partileiinga og ikkje RV-styrer på fylkesplan ved sida av partiorganiseringa på distriktsplan.

Innhaldet i dette er ei sekterisk line for ikkje å mobilisera progressive og revolusjonære til å ta del i valkampen i RV-gruppene.

Stri mot sekterismen – bygg RV som ein brei front!

RV er ein front som partiet tek initiativet til, partiet utformar ein plattform, som ikkje er den same som prinsippprogrammet vårt, men inneheld viktige programmatiskke punkter og krav som vi meiner må vera med i eit revolusjonært valprogram.

Nokre kameratar argumenterar med at ein front kan ikkje ha proletariatets diktatur og støtte til partiet i plattformen.

I Noreg i dag er det sånn at vi ønskjer at folk skal ta standpunkt til partiet, at vi kan byggja ein front kring partiet. Med denne plattformen ber vi alle revolusjonære og progressive ta del i valkampen. Vi ber alle som er samd i politikken til RV om å verta med i RV-gruppene, gje pengar til Kampfondet og å røysta RV. Å propagandere for revolusjon, mot imperialismen og dei borgarlege arbeidspartiene og avsløre råttskapen i det borgarlege valsirkuset er ikkje berre oppgåva for eit parti, det er oppgåva til alle som stør ei sånn plattform. Dei kameratane som seier at RV ikkje er ein front, dei vil nekta desse uavhengige sosialistane og å ta del i ein revolusjonær valkamp, dei vil nekta desse kameratane å stille på listene til RV, dei seier: «Kameratar, dette skal vi ta oss av.»

Dei som hevdar at RV ikkje er ein front, er imot lina frå valet i 1975 da partiet stilte saman med uavhengige, både i RV-grupper og på listene.

Eit anna argument for å stille til val i ein front, er argumentet med tryggleiken. I ein front som RV har borgarskapet vanskar med å skilje partimedlemmar frå uavhengige. Vallistene vert ikkje medlemslister kor store deler av partiorganisasjonen på kvar stad vert avdekkja. På det viset tek vi vare på sjølv partiorganisasjonen, overfor fienden er det han det er viktig å leggja under jorda.

Valkampen – ei viktig oppgåve for partiet

Når desse kameratane seier at RV er valkampmaskinen til partiet, så gå dei vidare og seier at da treng vi ikkje å mobilisera partiet til valkampen, det er jo RV som stiller i valet. Derfor er det verkelege innhaldet i

denne lina motstand mot å stille lister og delta aktivt i valkampen.

Vi byggjer RV som ein front ved å trekkja mange uavhengige med i RV-gruppene, men valkampmaskinen til partiet er partiet sjølv. Det er partimedlemmene som må vera den leiande og drivande krafta i RV-gruppene, det er partiet som må trekkja progressive med, mobilisera dei til aktiv valkamp og sjølv gå i spissen som eit døme.

Frå før veit vi at partiorgana har teke lett på valkampen og ikkje sett det som si oppgåve å leia denne kampanjen. RV-gruppene er ikkje nokon erstatning for partilaga. Sjølv om vi må ha eiga leing i RV-gruppene må ikkje lagsstyrer og laga overlata leinga av valkampen til RV-gruppene. På det viset må vi sjå at det er partiet som er valkampmaskinen.

«Valet er ei lett oppgåve»

Dette er ein annan ide som har dukka opp avdi det er lagt opp til få, men godt organiserte diskusjonsmøter og mykje massearbeid. Desse kameratane har den oppfatninga at når det ikkje er lagt opp til mange og lange møter så vert det lite å gjera. På same viset som dei range ideane over, strir desse mot å drive ein aktiv valkamp som er retta utetter. I RV-gruppene kor både medlemmer og massar tek del må vi sjølvsagt ha møter som legg opp til diskusjoner av plattform og andre spørsmål som det er motseiingar på i gruppa, og vi må bruke møtene til å mobilisera partiet og dei uavhengige til å gå ut i aktivt valarbeid. Noka anna vil vera å sabotera valkampen avdi kameratane i RV-gruppa ikkje får høve til å diskutere og løysa motseiingar dei har. Vi treng og møter som førebud og organiserer valarbeidet. Det vi må stri mot er byråkratiet, at møtene ikkje er godt førebudd, sånn at dei ikkje mobiliserar til innsats og ved at valkampopplegget ikkje er førebudd til møtene sånn at RV-gruppene vert sittande å diskutere fram og attende korleis dette skal gjerast.

«Valkampen er ikkje viktig»

Det fins motseiingar på at vi skal stille i valet, dei kjem fram på ulikt vis, som t.d. på den måten som synt foran. Det er kameratar som meiner at valet er eit stort propagandashow for borgarskapet som vi kommunistar ikkje bør blanda oss borti, «vi bør halde oss for gode til sånt».

Desse kameratane har i røynda ikkje forstått kvifor kommunistar stiller til val. Målsetjinga med valkampen er ikkje å få representantar som skal få gjennom nokre bra framlegg i Stortinget. Vi må sjå på valkampen som ein svær propaganda-kampanje med siktemål å skolere og opplyse arbeidarklassen om kven som sit med makta, at vi treng sosialismen. Vi må avsløre dei borgarlege arbeidarpatria, avsløre det borgarlege demokratiet og stri mot parlamentariske illusjonar som finst blant folk. Mot dette stiller vi lister på ei revolusjonær plattform som syner at det fins eit alternativ til den borgarlege løftepolitikken. Det er dette vi vil med valkampen.

Dei som likar minst at vi stiller til val er borgarskapet som endrar reglane for å vera med i NRK-sendingane, sånn at berre RV vert utelukka. Dei vil syne takksemd overfor dei som går i mot å drive ein aktiv valkamp med propaganda for sosialismen, mot imperialismen og avsløringar av borgarskapets diktatur og dei borgarlege patria og som stiller dei til ansvar for kva for politikk dei står for i handling.

Tre viktige målsetjingar i valkampen

Vi skal setja oss fleire ulike målsetjingar i valkampen, men her skal vi ta opp tre særskilte målsetjingar som vi må leggja opp arbeidet etter.

— For det fyrste må vi setja oss målsetjinga å avsløre kronargumentet til DNA i valkampen om «A-regjering» og «arbeidar-regjering». Vår parole må vera at «A-regjering er lik B-regjering». Gjennom å avsløre den reaksjonære politikken til DNA, syne kva som løyner seg bak løftet om sjølvvalt abort, loven om barnehagar, avsløre innhaldet i oljepolitikken til DNA, «vernevedtaket» om Veig og Dagali og kva som i røynda vert resultatet av dei mange lokale løftene til DNA. Å stikke hull på «arbeidar-regjering ballongen» er og å stikke hull på argumentet til SV om at det er betre «med ei regjering utgått av DNA» og alt våset om «arbeidar-makt».

— For det andre må vi setja oss målsetjinga om å vinne stemmer frå SV. I 1973 tapte vi mange stemmer ved at vi ikkje klarte å overtyde mange progressive om at SV er eit reaksjonært parti og at arbeidarklassen og folket ikkje er tent med sånne falske «arbeidar»-representantar på tinget. Vi må leggja stor vekt på å gå hardt innpå klingen til folk som vaklar mot SV, syne til svika

deira, frå abort-sviket til streikesabotasje og mykje anna. Dette kan vi berre lukkast i ved å grave fram mykje og konkret stoff om kva SV har gjort på Stortinget, i dagskampen og særskilt i lokale saker. SV må ikkje få halde valmøter, stand o.a. utan at RV-aktivistar kjem og konfronterar dei med brotsverka deira.

— For det tredje må vi setja oss målsetjinga med å slå det svarte og reaksjonære «NKP» i valet med å få fleire røyster enn dei. Kvifor er det ei viktig målsetjing? «NKP» er eit svart reaksjonært parti og eit agentur for sosialimperialismen. Dei framstår som «kommunistisk» og borgarskapet køyrer dei fram, kallar dei «kommunistane», gjer unntak i reglane for å sleppe dei til i valkampsendingane til NRK. På det viset kan revisjonistane i «NKP» stå fram og sverta til kommunismen. «NKP» er ikkje ein daud hund som mange vil tru. Med hjelp fra Moskva og borgarskapet heime styrkar dei seg politisk og organisatorisk. Dei har planar om avis to gongar i veka, dei konsoliderar seg, vervar medlemmer og tingarar til «Friheten».

Kven av dei to partia, dei verkelege kommunistane eller revisjonistane som får størst oppslutning i valet er ikkje utan tyding for kva for parti som skal feste seg som kommunistpartiet i hovudet på folk som enno ikkje ser skilnaden. At RV får fleire røystar enn «NKP» er ikkje berre ein siger for oss og eit tap for revisjonistane, men også eit tap for borgarskapet og sosialimperialismen.

Organiser mange og breie RV-grupper

RV-gruppene må organiserast rundt parti-medlemmene under leiding av partilaget. Vi må organisere RV-grupper saman med arbeidskameratar, i boligstrøk og lærestader, i ungdomsmiljø osv.

Full innsats i innsamlinga til RV og Oktober!

Innsamlinga har hatt ein tung og seig start. I tida frametter må vi setja målet med å fylle den fyrste målsetjinga på 300 000 snøgt. Dette må til for at vi skal finansiere valkampen, både sentralt og lokalt. Vi må byggja på røynslene om faste bidrag. I RV-gruppene må vi stille innsamlinga som ei sentral oppgåve i valkampen. Sjølv sagt skal alle i RV-gruppa teikna faste bidrag, men vi skal og gjere innsamlinga til ein del av valkampen, samle inn frå stand, husvitjing, val-

møter osv. Å samle inn blant alle som stør RV er viktig også for å knytte seg nærare til oss, det kan vera deira bidrag i valkampen.

Valkampstart i juni

Valkampen må ta til før sumaren, RV-gruppene må organiserast og arbeidet sejest i gong. Vi går inn for å setja igong valkampen med eit stort masse møte med alle RV-aktivistane og sympatisører som mobiliserar på politikken til RV og kor vi sikrar at alle vert organisert i RV-grupper og planar for valkampen før sumaren og i ferien.

Ikkje gløym valkampen i sumarmånadene

Sumarferien fører lett til at RV-gruppene går i oppløysing, men det fins likevel folk nok til at valkampen kan halde fram i ferievekene, og vi må leggje planar for korleis RV-aktivistane kan drive valkamp der dei skal feriere.

Sumarvalkampen må rettast inn på å trefe folk der dei er. Send valkampgjenger på badestrendene, driv valkamp om kveldene på plasser kor mange folk kjem saman, arranger frikonsertar osv. Lag turne i fylket som oppsøker folk der dei er.

Å ikkje drive valkamp i ferietida vil vera å gje AUF og andre fritt spel med sin valkamp.

Rekrutter til partiet fra RV-gruppene

Vi må og setja særskilte målsetjingar for partiet i valkampen. Den fyrste viktige målsetjinga må vera å styrka partiet gjennom valkampen med å rekruttere medlemmer og verve til sirklar. Korleis vi lukkast i dette vil vera eit mål på kor godt arbeid vi gjer med å trekkja med oss partilause i RV-grupper og korleis vi arbeidar for å utvikle dei gjennom valkampen.

Mange nye tingarar til dagsavisa

Det andre målet må vera mange nye faste lesarar av dagsavisa vår. I Klassekampen vil det om kort tid verta annonsert valkamp-tilbod på dagsavisa fram til valet. Å verve mange nye tingarar er ikkje berre ei oppgåve for kommunistane i RV, det er ei oppgåve som heile RV må drive. Partiet må gå i spissen for å drive denne særskilte oppgåva i valkampen. Etter valkampen må vi setja oss oppgåva med å sikra alle som har tinga dagsavisa i valkampen som faste tingarar.

TIL Partidiskusjonene i juni OM KVINNEPOLITIKK OG MASSELINJA

Avvis sekterismen – rekrutter i masseomfang til KF-gruppene!

I materialet om kvinnepolitikk og masselinja blir det slått fast: «Partiet har hatt en riktig politikk overfor den nye kvinnebevegelsen fra 1968. Støtte opprettelsen av en partipolitisk dagvengje, kvinneorganisasjon som tok utgangspunkt i det nivået massene som ønsker å bli kvinneaktivster var på, bygde på et minimumsprogram som kunne gjøre det lett for dem å slutte seg til, og la hovedvekt på dagskrav». Videre slår fast at det har eksistert et grovt høyreavvik i kvinnearbeidet og sier: «Dersom høyreavviket blir tillatt å utvikle seg, vil det ikke være lang tid før den nye sterke kvinnebevegelsen likvideres.

I vår (76) sto vi i en farlig situasjon i og med at revisjonistene ikke var avslørt, våre folk kjørte ei vulgariseringslinje uten å gjøre noe med de mest brennende krava til kvinnene, og KF var i ferd med å gå i oppløsning: moralen sank, frustrasjonen bredte seg og utmeldingene økte. Det ser nå ut til at denne situasjonen er snudd til det bedre, men det er lite konsolidert og nye tilbakeslag kan komme fort om vi ikke korrigerer politikken og arbeidet.»

Her skal jeg sette fingeren på noen punkter som gjelder arbeidsmåten i KF.

Hvem kjenner ikke disse argumentene: «Folk er redde for KF», «KF er det samme

som AKP», «KF er for ekstremister og derfor farlig for alle som kommer i berøring med dem». Mange kommunister har latt seg terrorisere av borgerskapets forsøk på å kriminalisere KF. Vi kommunister må avvise hetsen ved i praksis og i masseomfang gå ut til kvinnene i det miljøet KF-gruppa fungerer og gjennom diskusjon og i praksis vise hva KF er. Ved å ta opp de brennende krava til alle kvinnene på stedet.

Hvem kjenner ikke stilen med hyppige og lange møter hjemme i stua til et KF-medlem. Som diskuterer «den rette linja» og de «rette parolene». Med endeløse diskusjoner om hvem som skal gjøre «det og det» som moraliserer over de som «ikke er så aktive». Diskusjoner som ikke er til hjelp for å reise det store flertallet av kvinnene på stedet eller til å løse problemene til kvinnene i gruppa. Mange grupper praktiserer «kandidat-tid». Nye går i lang tid før de «glir inn i miljøet» og nærmest tilfeldig blir spurt om å melde seg inn. Dette er en dårlig karikatur av KF som et *kvinneparti*. Det er helt feilaktig. KFe-re skal kunne selge medlemskort når de går på dørbesøk, mot alle ideer om først å måtte «studere plattformen» altså mot ideen om «kandidat-tid». Mot ideen om at KF er en «eliteorganisasjon». Gruppa bør ha tilbud om aktiviteter som dekker alles

behov, fra de som vil diskutere kvinnespørsmål og gå på dørbesøk en gang i uka til de som syns det er nok å gå på et møte en gang i måneden. For å samle kvinner rundt KF må gruppene ha en viktig del av møtene som *apne*, ikke gjemme seg bort. Det er en karakteristikk for denne feilaktige arbeidsmåten og det er sektarisme! Det er bare å stille spørsmål om denne arbeidsstilen aktiviserer de store massene av kvinnene på stedet, om det overhodet er mulig å gjøre det med en sånn arbeidsstil.

Det er riktig at den progressive kvinnebevegelsen har vunnet små framskritt på enkelte områder. Men hva gjøres da? 18 000 skreiv under på Daghjemsaksjonens krav i Oslo. Tallet er ikke stort i forhold til hvor mange som er enig i krava. Tallet kunne vært femdobla. Men det viser at KFe har vært ute blant folk. Men så er det slutt. Hva gjøres med disse atten tusen? Det betyr ikke

at KF har større oppslutning, fordi nye tusener er ikke trekki med rundt KF. Disse attentusen er ikke *aktivisert*. Det er bare gjennom å bli aktive at de vil avsløre hvem kommunen tjener på, hvilken side DNA og SV står. Når arbeidet for å aktivisere tusener nettopp er starta setter mange KF-grupper sluttstrek! Det er ingenting i veien for at KF-gruppene skal få 100 nye medlemmer gjennom å aktivisere disse. Sånne perspektiver fins ikke. «Vi har fått 2 nye» sier KF-gruppa og er fornøyd! På et sted hvor det er flere tusen kvinner burde en ikke være 'fornøyd' før minst 100 av disse er blitt medlemmer.

Det er et uttrykk for sjøltilfredshet — det å legge seg på ryggen og ta det med ro, så snart det er nådd en liten framgang. Det er et dekke for ikke å korrigere sektarismen og høyreavviket.

HVORFOR ER DET NØDVENDIG MED SÆREGEN KVINNEORGANISERING?

I kampen for den sosialistiske revolusjonen er det et spørsmål om seier eller nederlag om kvinnene blir mobilisert eller ikke. Skal proletariatet og dets forbunds-feller bare mobilisere halvparten av sine krefter, altså mennene mot klassefienden, eller er det ikke sånn at også kvinnene må delta for fullt i revolusjonen...

Lenin sier dette om særegen kvinneorganisering:

«Vi avleder våre oppfatninger om organisasjon av våre ideologiske begreper: ingen separate organisasjoner av kommunistiske kvinner. En kvinnelig kommunist hører til som medlem av partiet på samme måten som en mannlig. Med like rettigheter og plikter. På det punktet kan det ikke herske noen uoverensstemmelse. Men vi må ikke lukke øynene for faktiske forhold. Partiet må ha organer, arbeidsgrupper, komitéer, utvalg, seksjoner eller hva man vil kalle det, som har til særoppgave å vekke de bredeste masser av kvinnene, knytte dem til partiet og holde dem varig under partiets innflytelse. Da trengs det naturligvis at vi driver systematisk virksomhet i disse kvin-

nemassene. Vi må skolere de vakte, vinne dem og styrke dem til den proletariske klassekampen under ledelse av det kommunistiske parti. Og nå tenker jeg ikke bare på proletarkvinnene, på de som arbeider i fabrikkene eller er husmødre. Jeg tar også med småbonde-kvinnene og kvinnene i de forskjellige lag av småborgerskapet. Også de er et bytte for kapitalismen, og i tiden etter krigen mer enn før. Disse kvinnemassenes upolitiske, usosiale, tilbake-liggende mentalitet, sneverheten i hele deres virke og livsmønster er kjensgjerninger. Det ville være dumt å se bort fra dette, tvers igjennom tåpelig. Vi trenger egne organer for å arbeide blant dem, spesielle agitasjonsformer og organisasjonsformer. Det er ikke feminisme, men praktisk, revolusjonær hensiktssmessighet.»

Grunnlaget for at det er nødvendig med egne kvinneorganisasjoner er at kvinnen er særegent undertrykt som kjønn. Denne undertrykkinga har skapt tilbakelegenhet og passivitet hos kvinnene og det trengs egne agitasjons- og organisasjonsformer.

Oppgava til proletariatets parti er å gjøre

de arbeidende kvinnene til en mektig revolusjonær kraft i kampen for den proletariske revolusjonen. Dette må være vår målsetting for en særegen kvinneorganisering.

En sårn særegen kvinneorganisasjon må mobilisere kvinnene til kamp for sine brennende krav, sårn at de gjennom sjølve kampen kommer ut av passivitet og tilbake-liggenhet.

Den må avvise all kvinneundertrykkende ideologi som sier at kvinnene ikke kan ta stilling til annet enn «kvinnespørsmål» og reise kvinnene til kamp mot imperialism og fascisme.

Lenin sier at kvinnearbeid er halvparten av hele partiarbeidet, at kvinnearbeid og linja for særegen kvinneorganisering er *hele* partiets ansvar. Samtidig må vi slå fast at partiets kvinnearbeid ikke er begrensa til egne organisasjoner men også kjempe for å gjøre kvinnene aktive på alle fronter.

Opp mot denne linja står revisjonistenes linje. Ei linje for å hindre kvinnene i å reise seg til å bli en mektig revolusjonær kraft: At egne kvinneorganisasjoner bare skal ta opp «kvinnesakene», å skille kvinnene fra proletariatets kamp — at kvinnene er spesielt fredselkende og få dem til å propagandere «fredelig sameksistens», å gjøre kvinnene til en aktiv støttebevegelse for Bresjnev's politikk — at kvinnene skal konsentrere seg om reformkrav til storting og kommunestyre. De skal bindes til reformisme og parlamentarisme og reduseres til stemmekveg.

Hvilke feil eksisterer i partiet.

Det finnes ei linje mot at særegen kvinneorganisering er nødvendig. Se på det ut fra arbeidet med 1. mai i år. Fra en kommunist i en KF-gruppe: «Alle i min KF-gruppe er enig i hele grunnlaget for FFF så det er det samme hva vi mobiliserer på». Fra andre hører vi «Kvinnearbeid er ikke så viktig for oss» dette arbeidet blir overlatt til kvinneansvarlig eller kamerat i KF. KF-gruppa kan gå helt i oppløsning uten at ansvarlig slår alarm og avd. gjør noe. De fleste som ikke har KF-grupper nå bekymrer seg ikke, har ikke noen plan for å få i gang en. KF-gruppa slutta å fungere foran 1. mai i år og medlemmene gikk over i FFF-gruppa. Resultat var at folk som gikk 8. mars ikke gikk 1. mai (dette må ikke blandes med dem som går 1. mai, men ikke 8. mars) «KF's oppgave er begrensa til de viktigste kvinnekrava i dag» at imperialismen er noe en henger på og bare skal bruke til for å skolere, og ikke fordi det er viktig at kvinner tar stilling og mobiliserer mot imperialismen. Disse ser resultater av de enkelte dagskampene som mål i seg sjøl. Som fører til at KF vil føre en perspektivløs kamp og havne i håpløs reformisme.

Mer litt om emnet: Se studiespalta i KK første uka i juni. RF 6/76 s. 48 (Stalin-artikkelen) KK-kronikk i nr. 17/76 (fra 2/3). Mao: Sørg for massenes velferd og Hvor kommer de riktige tankene fra. Noe om historia til kvinnebev. står i Studieboka for kvinner s. 83—93 og RF 2/74 s. 24—36.

STUDIESPØRSMÅL

Spørsmål til den obligatoriske partidiskussionen i juni om særegen kvinneorganisering

Spm. 1. Hvorfor er det nødvendig med særegen kvinneorganisering?

Spm. 2. Vurder avdelingas linje for å mobilisere kvinner til 1. mai.

Spm. 3. Hva hindrer masserekruttering til KF idag?

Spm. 4. Åssen skal vi redusere revisjonistenes innflytelse i kvinnebevegelsen drastisk?

Mobiliser dei progressive til sommerleir!

Kameratar, sommerleirane nærmar seg raskt, tida som er att må brukast til intensiv mobilisering for å fylle leirane med vener av den kommunistiske rørsle.

Kvifor er dette så viktig?

Svaret er: Raud Front-leirane er eit politisk felttog mot borgarlege liner i og utanfor partiet og dei er ein praktisk skule i organisering og samvær etter marxist-leninistiske prinsipp. Leirdeltakarane går fram politisk med sjumilsstøvlar. Alle som har vore på leir veit at innsatsen og entusiasmen stig mange grader på denne eine veka. Ta dømet med innsamlingskampanjen sist sommar, den synte kor sterk politisk kraft leirane er og korleis denne krafta utløyser kampanjar etter leirane.

Leirane skal løyse viktige politiske spørsmål

I sommar skal vi handsame tre politiske emner:

- Revolusjonær fagforeningspolitikk
- Folkekrigen
- Stortingsvalet.

At nettopp sommarleirane er høvelege reiskapar veit vi av eiga røynsle. I det tiåret vår unge kommunistiske rørsle har arbeidd har slike breitt samansette leirar markert gjennombrøt på mange sentrale ideologiske og politiske spørsmål. Vi kan nemne dømer som masselina, det kommunistiske partiet, programdiskusjonen før partiskippinga, revisjonismen og krigsfaren. Desse døma markerar gjennombrøt for partiet for det fyrste, men og gjennombrøt for ei korrekt politisk line blant dei kjempande massane

rundt partiet for det andre. For det tredje har eit aktivt samarbeid mellom kommunistar og progressive rundt partiet gjort desse resultatane mogeleg. Held vi fast på desse røynslene får vi eit godt resultat. Emna er sentrale og naudsynte om vi skal makte oppgåvene som krevst av oss i dag.

Revolusjonær fagforeningspolitikk

Visseleg har partiet vunne støtte og respekt for det faglege arbeidet sitt. Særskilt har kampen mot arbeidrararistokratiet tydd mykje. Vi har nådd lenger i å gjere fagforeningane til kamporganisasjonar. Men fagforeningsarbeidet vårt er ikkje utan lyte. Vi må stå på fastare grunn om vi skal knuse Aspengrens ugraskampanje og sette parolen om å gjere fagforeningane til ei hevstang for arbeidarklassens endelege frigjering. Særskilt viktig er det å kome til livs all vakling som hindrar oss i å isolere aristokratane frå massane og som og hindrar oss å knyte massane til ei kommunistisk kampline. Vi treng denne diskusjonen og vi treng han saman med dei som kjempar rundt oss. Mange nære vener på leirane gir meir konkret røynsle enn vi har sjøl. Det gir høve til konkret kritikk på lina og vår til å tømme denne fastare. Det smir eit politisk band til massane og set mange fleire i stand til aktivt å føre kampen mot kapitalen og handlangarne hans.

Folkekrigen

Truselen om krig og supermaktsåtak på Noreg står ved lag. Sovjetimperialistane har

skjerpa krenkinga av norsk suverenitet og krigane i Afrika i det siste syner at dei trappar opp kampen om verdshegemoni. Vi kommunistar veit kva dette betyr og vi veit kva vi har å gjere. Vi har inga tid å miste med å spreie teorien om folkekrigen og starte den politiske førebuinga av folkekrig mot imperialistisk overfall av Noreg. Vi veit at dette har stor interesse. Mange lurar på om ein kan kjempe mot atommaktene i det heile, mange lurar på om folkekrigen høver i Noreg, men mange ynskjer rett og slett å bli med på utforminga av grunnlaget for kampen. Få dei med.

Stortingsvalet

Den borgarlege valkampen i alle variantar er alt i gang. Serien av landsmøter i partia har slege an tonen, alle krefter settast inn for å verne borgardiktaturet og for å verne egne bein. Vi kommunistar dreg ikkje på skuldren til dette sirkuset. Vi veit at det både krev av oss og gir oss høve til å avsløre borgardiktaturet og fremje kommunismen blant massane. Vi har alt røysle for dette og denne skal vi sjølv sagt nytte når leirane skal sette oss i stand til ennå betre innsats. Sjølv sagt skal vi meisle ut denne politikken saman med venene våre. Kva kan ikkje hundrevis av desse legge fram av konkret stoff om korleis revisjonistane i SV svik arbeidsfolk dagleg.

Den politiske lina avgjer mobiliseringsresultatet

Det finst politiske feil i høve til sommarleirarbeidet. Den viktigste av desse er sektarisme både i forståinga av leirane og sektarisme i mobiliseringsarbeidet. Vi må kvitte oss med denne sektarismen fordi den saboterer viktige politiske oppgåver vi må løyse. Vi må renske ut idear som reduserer kor viktig sommarleirane er i utviklinga av den ideologiske og politiske lina vår. Vi må feie ut alle idear som ser på leirane som ei slags tilfeldig sommarrutine. Sommarleirane er ein sentral del av det årlege arbeidet vårt. Vi må renske ut alle idear som reduserer leirane til eit tiltak for partifolk, der nokre massar kan få lov til å være tilstades. Den politiske lina for sommarleirane ser på massane si deltaking som ei naudsynt resurs. Dei legg grunnlaget for utøving av kritikk og sjølvkritikk som vi elles aldri har noka organisert grunnlag for.

Kanskje nokre kameratar synest nett dette er vanskeleg. Om så desto viktigare.

Vi må renske ut alle idear om at leirtilbodet er for vanskeleg for dei nære venene våre. At dei fleste ein kjenner korkje har politisk nivå eller interesse av dette elles gode tilbodet. Slike idear har ikkje rot i røyndomen som tvert i mot syner at dei er med på å drive kampen på leiren framover. Partiboka er ikkje alltid lett å sjå.

Vi må renske ut denne politiske sektarismen i den praktiske forma at massane ikkje skjønar at ein bør nytte ferien til politikk. Dette er ei undervurdering av massane sitt klassestandpunkt, og ei tafatt haldning til at massane og er i stand til å endre ein ferieplan, sjøl om det er seint.

Propagander det positive leirlivet

Sommarleiren er ein politisk heilskap, frå kveldsplenumet til oppvasken. Denne organiserte heilskapen har ei kommunistisk lina som rettesnor. Korleis vi løyser både dei politiske såvel som dei materielle oppgåvene på leiren gir ei peikepinn på korleis sosialismen og proletariats diktatur tener folket, utløyser folkets skaperkraft og skaper eit sant demokrati. Dette kan vere viktige saker å erfare for mange vener omkring oss. Det kan løyse motseiingar både i høve til kommunismen og partiet. Dette skal vi gå aktivt ut med og vi skal slå ned vrengebilete som måtte finnast om våre telt, lange vakter og kloramin.

Sommerleir: Kombinasjon av ferie, politikk og kameratsleg samvær

Sommerleirene er ikke ukes-møter. De er den beste kombinasjon av ferie, politikk og kameratsleg samvær. På leir får deltakerne oppleve hva demokratisk sentralisme betyr i praksis, hvordan dette prinsippet gjør oss i stand til å løse mange innfløkte praktiske problemer og til å drive fram diskusjonene, avdekke uenighet og oppnå enhet.

Gjennom leiren får uorganiserte en sjelden fin anledning til å bli nærmere kjent med den revolusjonære bevegelsen. Vi bør legge vekt på at ei leir-uke øker innsatsviljen og entusiasmen mye mer enn noen som helst vanlig ferieuke kan gjøre.

På leirene vil den progressive kulturen blomstre. Deltakerne blir sveisa sammen gjennom allsang, opptredener og dans, og endel av kulturaktivitetene er velegna til å

gjøre diskusjonene mer konkrete og levende.

Idretten kommer til å få en framtreddende plass. Ballspill, svømming, gym, osv. blir daglig kost. I tillegg blir det opplæring i hvordan vi best kan trene og holde formen, og det blir egen idrettsdag.

Ungene får det fint og blir tatt hånd om i egen barnehage eller pioner-organisering.

Mobiliseringa krev innsats – politikken er grunnlaget

Kameratar, vi har alt skaffa oss røynsle i mobiliseringsarbeidet. Vi veit at det er den konkrete diskusjonen på dei politiske emna som får folk på sommarleir. Hald fast på denne hovudlina. Vi er nøydd til å diskutere desse emna akkurat så lenge at folk skjønner at dei både har noko å hente og noko å gi på leiren.

Vi må aktivt legge fram kor viktig desse emna er for arbeidarmassane og folket, at vi alle må vere med på dette løftet. Særskilt viktig er det å ta opp dette i samband med hetsen mot progressive, inkludert leirane våre. Denne kan vi bare slå tilbake saman med massane.

Syn mangfald i metodane – unngå byråkratiske tiltak

Personkontakt vil gi hovudtyngde av resultatet fordi denne er i stand til å fange akkurat dei motseiingane som tel. I sommarleirmobiliseringa må vi derfor bruke mye tid på å oppsøke folk, – spesielt hjemme i stua hos dem sjøl. Da nytter det ikke med «2-minutters»-mobilisering der vi farer rundt som om vi samla stemmekveg. Alle kameratar må sette av god tid til å diskutere leiren grundig med folk.

Folk vet at vi kommunister driver aktivt med politikk. Mange respekterer oss for innsatsviljen vår. De vil derfor synes det er helt naturleg om vi kommer kjem til dem og sier rett ut: «Du, – jeg kommer for å diskutere en sak som er viktig for deg og arbeidsfolk ellers. Har du litt tid utover kvelden?» På denne måten vil vi få igang gode diskusjoner og vil oppnå resultater!

Alle kameratar må nøye gå gjennom ar-

beidskameratar, KK-folk, frontkameratar og vener som bør på sommarleir. Lag ein plan for framdrifta og kontroller og løys motseiingar undervegs. Få folk saman i grupper som ikkje er større enn at mange røynsler og synspunkt kan kome fram. Ver på vakt mot satsing på store møter som aleine skal løyse dette i ein jafs. Som regel er dei ikkje høveleg til slikt.

Praktiske problemer lar seg i regelen løse når folk først får lyst til å dra på leir

Vi må legge fram politikken for leirdiskusjonene, og hva leirlivet er for noe. Men vi må og spørre mye etter folk sine meninger om temaene og om å dra på leir. Hver enkelt vi snakker med har sin spesielle bakgrunn, – fra fagforeninga og jobben, fra frontarbeid, fra familien, fra det han eller hun har lest eller interessert seg for på annet vis. I mobiliseringa må vi knytte an til disse *sær-egenhetene* og vise at leiren har *betydning* for hver enkelt, og at hver enkelt *trengs* på leiren. Ledelsen i mobiliseringsarbeidet må drive slikt arbeid sjøl og propagandere framskredne eksempler på godt arbeid.

Ofte vil den ene ektefellen på leir, men ikke den andre. Be flere slike par sammen, eller snakk med begge to samtidig og ta opp motsigelsene.

Det hender at enkelte er redde for å dra på leir fordi de ikke kjenner noen der, de tror de må kunne mye og være aktive i diskusjonene. Vi må gjøre det klart at en ikke trenger «ta ordet» eller være skolert for å delta. Oftest viser det seg at de blir svært så aktive når de først har kommet på leiren.

Det kan være hardt press mot folk som melder seg på leir. Usikkerhet og motsigelser kan slå ut i at folk som sier de skal på leir, eller til og med har meldt seg på, uteblir. Vi bør følge opp alle som melder seg på leir, gjerne med forberedelsesmøter der en diskuterer temaene for leiren. Organiser felles transport.

HJEM TIL FOLK! RETT PÅ SAK! GRUNDIG DISKUSJON! OPPFØLGING! Slikt vil sikre god mobilisering til sommarleirene.

1. MAI 1977

Seier og stagnasjon

Klassekamptoga til Faglig 1. maifront vant også i år stor tilslutning. På plass etter plass meldes det at Faglig 1. maifronts demonstrasjoner vant større oppslutning enn de som ble organisert av Samorg/DNA og revisjonistene i «NKP» og SV. Hvor bra dette egentlig er skjønner vi kanskje best ved å sammenlikne med andre land i Norden og resten av Europa. Det typiske er nemlig at revisjonister og sosialdemokrater har nokså stor innflytelse og kontroll over massebevegelsen 1. mai. Enda en gang kan vi slå fast at dette ikke er tilfelle i Norge.

Men dette er ikke hele bildet. Opp gjennom åra har utvilsomt mange kamerater blitt «forvent» med gode resultater, de trur framgangen nærmest kommer seilende på ei fjøl. I det revolusjonære arbeidet vil det imidlertid alltid være flo og ebbe, både våre egne linjer for arbeidet og ytre faktorer vil ha sterk innvirkning på resultatet. Sann sett bør 1. mai-resultatet i år være en nyttig vekker.

Dersom vi ser på utviklinga på landsbasis i de tre åra 1975, 1976 og 1977 og sammenlikner oppslutninga om Faglig 1. maifront og tilsvarende klassekamptog, så er *stagnasjon* det mest dekkende uttrykket. I 1975

var resultatet 20 800, og i 1976 økte det med 1400 til 22 200 og i år sank tallet med 1100 til 21 100. Mye av dette kan forklares ut i fra variasjonene i Oslo-resultatet, som i 1977 ble 8500 mot 10 000 i fjor og 8100 i 1975.

Men gjennomsnittstalla for landet dekker sjølsagt over mange motstridende tendenser. Det er nemlig ikke snakk om noen helt entydig tendens vi kan oppsummere. Dersom vi definerer *framgang* lik økning med 5 eller flere, *stagnasjon* lik oppgang eller nedgang mindre enn 5 og *tilbakegang* med nedgang på minst 5 får vi følgende resultater når vi sammenlikner 1976 med 1977-arrangementene:

- Framgang: 30 plasser
- Nye demonstrasjoner: 17 plasser
- Stagnasjon 11 plasser
- Tilbakegang: 52 plasser.

I tillegg til dette bør nevnes at det i 1976 var 5 plasser med Faglig 1. maifront-tog som i år ikke klarte å stable noe tog på beina. Som vi ser er tilbakegangen noe mer omfattende enn tendensen til framgang, men stagnasjonen på landsbasis er i første rekke et statistisk uttrykk for at framgang og tilbakegang i en viss grad oppveier hverandre.

Dette har relativt stor politisk interesse når vi skal

vurdere demonstrasjonsresultatet. For med såvidt sprikende tendenser kan vi f.eks. ikke feste lit til at borgerskapets og opportunistenes anti-kommunisme i seg sjøl kan ha spilt noen avgjørende rolle. Anti-kommunismen er f.eks. ikke noe mindre i Bergen, der klassekamptoga med sine 2500 var større enn noen gang før, enn i Mo i Rana, Bodø og Oslo som alle noterte tilbakegang fra i fjor.

Sjølsagt kan 'ytre' faktorer aleine ha spilt en viss rolle, ikke minst innafor enkelte seksjoner og grupper. Mobiliseringa til 8. mars, arbeidet med dagsavisa, er ulike eksempler. I Oslo var det også et eget revisjonist-tog ved siden av Samorg for første gang på mange år. Dels førte dette til at endel SV-sympatisører som tidligere har gått i klassekamptog fordi Samorg var «for ille» nå slutta opp om sine egne ledere som de ennå ikke har gjennomskua. Andre klarte ikke ta standpunkt mellom de to toga og ble sittende hjemme. Men dette var en vanske vi visste om på forhånd. Allerede i fjor høst avslørte Klassekampen SV-ledelsens 1. mai-opplegg. Hovedspørsmålet må derfor bli om vi klarte å utvikle en taktikk som slo revisjonistenes offensiv tilbake eller om vi ikke gjorde det.

